

Fylkesmannen i Hordaland  
Miljøvern- og klimaavdelinga  
Postboks 7310  
5020 Bergen

Bergen, 8. juni 2014

## Ny klage på utslepp til Mjølkevika

Naturvernforbundet Hordaland (NVH) takkar for svaret 28.2.2014 på klagen vår av 29.11.2013 over utslepp av forureina sigevatn frå deponiet i Rådalen til Fanafjorden. Vi registrerer også at Fylkesmannen i brev av 28.5.2014 har gitt BIR Avfallsenergi AS mellombels løyve til å forbrenna visse typer spesialavfall, slik som impregnert rivningsavfall, klorparafiner, CCA-impregnering og bromerte flammehemmarar. NVH har tidlegare protestert mot dette, og beklagar sterkt at BIR har fått løyve til å brenna spesialavfall. Vi meiner framleis at det ikkje er godt nok dokumentert at BIR har utstyr og kompetanse nok til dette, men er glad over at løyvet berre gjeld fram til utgangen av 2015, og at det må søkast på nytt då om permanent utsleppsløyve. Men NVH kunne ønskje at Fylkesmannen gjorde prøvetestane sjølv i staden for å overlata det til BIR Avfallsenergi AS

I svaret datert 28.2.2014 på klagen vår om utslepp til Mjølkevika finn Fylkesmannen ikkje grunnlag for å seia at BIR Avfallsenergi AS bidrar til utsleppet i Mjølkevika, og at alt spillvatn går til kloakkrensaneanlegget på Flesland. Det er rett at det kjem forureina sigevatn frå det tidlegare deponiet, som Bergen kommune har ansvaret for. Men NVH er ueinig i Fylkesmannen sin konklusjon, noko vi grunnar på følgjande:

- (1) Det var kraftig diesellukt i oktober frå sigevatnet rundt pumpehuset i Pålamyra ved Skeievegen, noko som var bakgrunnen for klagen vår av 29.11.2013. Også frå pumpehuset nede i Mjølkevika kom det diesellukt, noko alle som var med på Fana Historielag si kulturvandring på Stend den 27.10.2013 kan stadfesta. Dette er etter vår meining ein sterk indikasjon på at det kan ha oppstått ein lekkasje på avløpet frå Fana Stein- og Gjenvinning sitt deponi i Stendafjellet, og at noko av sigevatnet kan koma derifrå.
- (2) I dagane rundt månadsskiftet februar/mars 2014 observerte Naturvernforbundet Hordaland ein ny lekkasje i Pålamyrbecken, like ved pumpehuset. Vatnet var sterkt rustfarga og hadde ein temperatur på ca. 25°C. Det var ingen diesellukt denne gongen. Den høge temperaturen tyder på at noko av utsleppet kan koma frå lekkasje av kjølevatn frå BIR sitt forbrenningsanlegg, som har sige gjennom bossfyllinga og løyst opp metall og humuskomponentar.

Naturvernforbundet Hordaland finn det sterkt kritikkverdig at kontrollen med deponiet i Rådalen er så dårleg at det fører til lekkasje av dieselhaldig vatn og forureina kjølevatn ut i Fanafjorden, like ved ein populær badeplass. Vi ber Fylkesmannen om å undersøka nærare kva som har skjedd, og gje pålegg til dei som har ansvaret for lekkasjane om å retta opp feilen. Etter vår meining bør det leggjast ny avløpsledning på vestsida av Skeievegen, der det ikkje er fylling, og der jordsmonnet er meir stabilt. Dette er hovudsakleg Bergen kommune sitt ansvar, men både BIR Avfallsenergi AS og Fana Stein og Gjenvinning har også ansvar fordi dei slepp ut sterkt forureina sigevatn, endå dei veit at det lett kan oppstå lekkasje på avløpsledningen i den ustabile grunnen på bossfyllinga.

Med vennleg helsing

For Naturvernforbundet Hordaland

Synnøve Kvamme  
leiar

Oddvar Skre  
saksbehandlar